

P R O L O G.

Til 40årsdagstidi for Frekhauglaget i Bergen.

7 april 1964.

Til opning:

Ver velkommen. Ja, kvar og ein, til kvild i frå kvardagssveimen.
Väl møtt, kvar Frekhaug-læresvein, til høgtid i Fiskarheimen.

Väl møtt, De som skal tala her. Og De som for oss skal syngja.
Mattede stundi me saman før, vårt Guds-liv oppatt få yngja.

Frekhaug-laget er fyrti år. Og skipa i denne byen.
Her fekk mange seg livekår. Fann make og heim at lyden.

Snøgt for mangen ein haust og vår, med alt det som stig og dalar.
Skulelaget vårt enno står, trass skifte i tun og salar.

Det hev vore ein samlingsstad, der me kan einannan finne.
Ofte sat me so sjøle-glad, i kring våre skuleminne.

Jamt på skulen sitt råd me flaut, på veg til vårt livsens yrke.
Han oss synter den veg me laut, å vinna den dette styrke.

Skulen hjelpte oss fyrst og sist til mstes med vår forsonar.
Mange hamna hjå Jesus Krist. I sjøli song nye tonar.

No treng skulen om hjelpi vår. Om våre midlar og bøner.
Treng om tilsig og livekår, i form av dstrer og søner.

Heimar . Send Dykkar ungdom dit. - Den største eiga De heve - .
Der fann mange sitt rette vit, og visdom til kvardagsstræve.

Store Frelsar . Stig til oss inn. Og ver Du Høgsæte-gjesten.
Leid oss Du, med di ånd og sinn, og signe fyrti-årsfesten.

PROLOG.

Til 40-Årsjegts-tid i Frekhauglaget i By.
7 april 1964.

I takkemnd mot våre kristne fedrar som bygde skulen.
Guds Fagna-folk.

Tone: Min sjal, lov Herren.

Dei kristne fedrar reiste, i tru til Gud ei ungdomsborg.
Og Krossens flag dei heiste i dette vakre tun og torg.
For mangt eit skuletempel vart til eit avguds-hov,
der satans myrke stempel vart sett på alt hans røv,
og både born og unge vart fanga i hans garn.
Mot denne lagnad tunge, gjekk mangt eit Herrens barn.

Det såg dei kristne fedrar. Det valda dei so tung ei sorg.
Dei åtte ikkje "Cedrar", men bygde lell vår skuleborg.
For sume hoggde fura, og andre dei gav gran. - - -
No galdt det ei å stura, men verka alt dei vann. - - -
I offer, bøn og sveitte, dei vart i saman sveist. - - -
Guds Fagna-folk dei heitte, som skulen vår fekk reist.

Me arar desse fedrar, og hyller minnet her i dag.
Til takk, og deira heder, skal skulen haldast godt ved lag.
Med hat og hogg til ingen, me fram til vakthald går,
og knyter systkinringen om ungdomsskulen vår.
Den store, dyre gåva - vår fedre-arr og løn -,
me her på ny vil lova å minnast i vår bøn.

Stig, systkin, fram i ringen, De som på ungdomsskulen gjekk.
Ne trur, her finst vel ingen som ikkje der ei brorshand fekk.
Guds aller-største gåva, so raust dei bydde oss.
Og mange stillt hev lova å taka opp vår kross.
Me trues-handi retter mot Krist i lyst og nød.
Vil honom fylja etter i både liv og død.

So sant vår trudoms-lovnad er meir enn berre fagre ord, - -
so sant me ikkje somna, men gjeng til kvar vårt arbeids-bord,
til både bøn og yrke, med kjærleiks systkinsinn,
vil Herren gjeva styrke, so onni vår me vinn.
I arbeid, dygd og søma, ved trøyst og reinsings-tukt,
skal ungdomsskulen bløma, og bera heilag frukt.